



Gode aurefangstar har glede oppsynsmann Arne Terje Haugland mest til no i sesongen. Denne fekk han etter ein halvtimes fiske måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Åtte dagar etter fiskestarten slår oppsynsmann Arne Terje Haugland fast at det har vore ein god sesongopning i Uskedalselva og han er særleg glad for aurefangstane.

Dei stadfestar at elva framleis er ei god aure-elv samstundes som ho har teke seg kraftig opp som lakse-elv i dei seinare åra..

Sjølv har han teke 10 aurer i år, i snitt ein for kvar fisketur! Dei fleste har vore mellom ein og halvannan kilo og den største vog 2,8 kilo.

Arne Terje fiskar berre med mark. Så langt antar han at det er fanga minst 30-40 fiskar i elva sidan starten og mellom 10 og 20 av dei er laksar der toppnoteringa førebels er 7,2 kilo. Det er registrert laks heilt oppe ved Haugland gamle skule.

Auren har tydelegvis gått tidleg opp i elva i år og Arne Terje undrar på kva som er grunnen til det. Ei forklaring kan vera lusplage og han har observert lus både på laks og aure, men heldivis ikkje spesielt mykje.

Arne Terje har ein liten reservasjon: Det har vore lite småaure til no – det vil seie fiskar rundt halv kilo.

Det har så langt vore ideelle vertilhøve. Nedbøren kom som bestilt slik at vassføringa steig og nådde toppen natt til søndag.


Oppsynsmannen får mange telefonar frå folk som gjerne vil ta seg ein tur til Uskedalen for å fiska. Telefonane er slett ikkje berre frå kvinnheringar, dei kjem også til dømes frå Stord og måndag ringde ein heilt frå Suldal. Det har allereie vore hollendarar og svenskar og prøvd lycka. Eit ekstra poeng er at jamstillinga også har nådd fiskarane i Uskedalen: Dei to første laksane i år vart fanga av kvinner!

Mange spør etter kart som viser dei beste fiskeplassane og dette er noko som elveigarlaget nok må ta seg av framfor neste sesong.. For dei som fiskar med fløge er strekninga frå elveosen og opp til Døssland den beste og også mest populære medan det høver best med makk og sluk vidare oppover.

Arne Terje strekar under at det er ein fing gjeng med fiskarar som kjem til Uskedalselva. Stort sett har dei det formelle i orden. Så langt i år har oppsynsmannen berre registrert to som ikkje hadde "statskort".

Det er ellers viktig at dei som melder frå om fangstar til uskedalen.no også gjev opplysning om kva slags reiskap dei har nytta for å frista fisken!

Av Ola Matti Mathisen



Arne Terje Haugland kan glede seg over ein god sesongopning. (Foto: Ola Matti Mathisen)